# Rutinar for SKweb

| JANUAR | FEBRUAR | MARS | APRIL | MAI | JUNI |
|---|---|---|---|---|---|
| Dyrestatus<br>Paringar<br>Utrangeringsårsak søyer<br>Årsrapportane | Fostertelling<br><br>Haldvurdering | Registrer vaksineringa<br><br>Førebu beitesesongen; lag beiter | Lamming<br>Sjukdom<br>Tap | Lamming<br>Sjukdom<br>Beiteslepp<br>Snyltarbehandling | Same som mai<br>Vårvekt<br>Lam teke frå<br>Slepp på utmarksbeite |
| **TIPS** | **TIPS** | **TIPS** | **TIPS** | **TIPS** | **TIPS** |
| Masseutmelding kan vere formålstenleg om det er fleire dyr med same utrangeringsårsak<br><br>Har du brukt meir enn ein vêr, lønner det seg å legge inn paring sjølv om paringsdato manglar.<br>Vel ”lik registrering på fleire dyr”<br><br>Utrangeringsårsak er gunstig å ha i systemet. Venter du til søyene er utrangert via slaktedata, har du datoen automatisk. Årsak legg du inn i utmeldingsbildet.<br><br>Når årsrapportane er klare, får du melding frå Animalia | Rapport:<br>Forventa lamming – finn du under ”Vår”<br>Sorter lista på forventa lammedato.<br>Fostertellinga ligg no inne i den rapporten.<br><br>Flytter du dyr i fjøset etter lammetal og haldvurdering, bør du også flytte dei på web så du heile tida har mulighet for å ta ut noteringslister pr. binge<br>Bruk ”Beite/binge” | Bruk masseregistrering under helse. Hugs å bruke kode for førebyggande behandling<br><br>Lag oversikt over tilgjengelege beiter. Du kan også planlegge kva dyr som skal kor. ”Beite/binge” | Sørg for gode noteringar viss du ikkje har høve til å føre rett inn på web. Hugs lammingskode og evt. tap.<br>Bruk noteringsmappene og skriv inn merknader<br><br>Raden for opplysningar om lamma justerer du til dine behov på ”Mi side”<br>Bruk kortnummer når du registrerer lamma<br><br>Helsekortopplysningar bør registrerast i SKweb fortløpande.<br>Merk gjerne av i helsekortet etterkvart som du legg inn på web<br><br>Ha dato og årsak for tap så langt det let seg gjere<br><br>Masse rapportar under ”vår” | Bruk ”beite/binge” og registrer slepp fortløpande.<br>Merk av for ”lam følgjer søya” .<br>Kopplam blir haldne utanfor.<br>Fosterlam følgjer fostermor automatisk.<br><br>Du kan no ta ut rapporter pr. beite.<br><br>Bruk masseregistrering på snyltarbehandling. Hugs kode for førebyggande behandling. | Bruk kortnummer når du legg inn vekter<br>Tilvekstlister kan du ta ut pr. beite dersom du vårveger.<br><br>Merk av aktuelle påsett og kåringskandidatar og legg inn i noteringsmappene.<br>Rapport: Notat individ.<br><br>Lam teke frå registrerer du på kvart enkelt lam under oppvekstkode i buskapsoversikt.<br>Desse lamma vil ikkje følgje mor når du registrerer slepp på utmarksbeite.<br><br>Noteringsliste tilsyn er kjekk om sommaren.<br>Den kan tas ut pr. beite. |

# Rutinar for SKweb

| JULI | AUGUST | SEPTEMBER | OKTOBER | NOVEMBER | DESEMBER |
|---|---|---|---|---|---|
| Beitetilsyn<br><br>Opprydding<br><br>Ekstra veging (heime) | Førebu sankinga<br><br>Ha liste på aktuelle livlam av begge kjønn | Registrere sanking<br>Haustveging<br>Utplukk livlam og Kåringskandidatar<br>Utplukk slakt | Ettersanking<br>Veging<br>Slakting<br>Innsett<br>Snyltarbehandling | Registrere vêrane<br>Innsett<br>Notere aktuelle eliteparingar<br>Registrere paring | Paring og omløp |
| **TIPS** | **TIPS** | **TIPS** | **TIPS** | **TIPS** | **TIPS** |
| Beitetilsyn registrere du i "beite/binge"<br>Dette er midt i blinken for å imponera Mattilsynet.<br><br>Sørg for at alle lammingar, gjeldsøyer, kastingar ligg inne.<br>Sjekk rapporten under vår som heiter Manglande våropplysningar<br><br>Helsekortregistreringar<br>Sjekk rapport under helse: "Registreringar"<br>Du finn både sjukdom og førebyggande behandling i filteret<br><br>Tap til no i sesongen er greitt å få registrert<br><br>Veger du fleire gonger etter vårvekt, kan du registrera dette.<br>Aktuelt å slakta tidleg i august? | Haustlista ligg klar på web under rapportar haust.<br><br>Indekslister kan du no ta ut på kjønn og alder. | Når dyra skal flyttast heim, må du ikkje la lam følgje søya. Dei skal på ulike beiter.<br><br>Bruk kortnummer når du registrere vektene<br>Lam med noteringar har raud mappe<br>Noteringane kan endrast eller slettast undervegs<br><br>Ved utplukk av påsettlam legg du inn ønska kriterier, eller du kan oversjå kriteria<br><br>Ved utplukk av kåringskandidatar ligg krava frå NSG inne..<br>Dette kan overstyrast<br><br>Alle livlam forsvinn frå rapporten slaktemodne lam<br>Rapporten Slaktemodne lam finn du under slakt | NSG reknar ut indeksane mange gonger utover hausten. Web er alltid oppdatert med ferske indeksar.<br><br>Oppdaterte indeksar på eldre vêrar finn du på Mi side->vêrsøk. | Årets kåra vêrlam er tilgjengeleg frå NSG i SKweb tidleg i november<br><br>Slett vêrar som ikkje skal nyttast (fjern i alle fall hake som aktiv)<br><br>Er søyene registrert i binge, kan du ta ut noteringsliste dyr for kvar binge<br><br>Rapport: Innavl ligg under avl<br><br>Bruk mappene til å notera aktuelle eliteparingar<br>Rapporten finn du under notat->individ<br><br>Bruk masseregistrering dersom paringsdato er ukjent. Då slepper du å registrera vêren som far til lamma neste vår | Veldig viktig å få registrert omløp etter semin<br>Gunstig å få registrert alle kjente omløp<br><br>Rapportar:<br>Paring og omløp<br><br>Noteringsliste paring syner kva søyer som ikkje er para<br><br>Vår->forventa lamming, velg neste år. Sorter på forventa lammedato |